

# KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2015

---



KONTROLLUTVALET I  
VINDAFJORD KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kommunelova kapittel 12 handlar om internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal *"kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget"*.

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 hadde Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

**Faste:**

Øyvind Haraldseid - leiar  
Anders Haugland - nestleiar  
Margrethe Veim  
Nils Terje Oma  
Bjørge Borgemyr

**Vara:**

1. Peder Lothe  
2. Anne-Lise Døvik  
3. Nils Skrunes  
4. Sissel Stene  
5. Trygve Sandvik

Øyvind Haraldseid og Anders Haugland sat i kommunestyret.

For perioden 2015-2019 har Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

**Faste:**

Nils Terje Oma (Ap) – leiar  
Johannes Vestbø (Sp) – nestleiar  
Marit Aga Hustvedt (Ap)  
Gunn Haraldseid (H)  
Kristian Haraldson Ressest (BBL)

**Vara:**

1. Anne Tone S. Andersen (H)  
2. Oddvar Haugland (Krf)  
3. Anja Mballow (Sp)  
4. Margrethe VEim (Frp)  
5. Arnfinn Øverland (Ap)

Johannes Vestbø og Kristian Haraldson Ressest sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Han har vore til stades på tre av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har og vore til stades på to av møta.

---

### **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2015**

---

Kontrollutvalet har i 2015 hatt 4 (4) møter fordelt på to møter første halvår og to møter andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement og lovendring frå 01.07.13.

Utvalet har hatt 25 (25) saker til handsaming, kor 6 (6) saker blei sendt til kommunestyret.

40 (25) saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følgjer som vedlegg.

Marit A. Hustvedt og varamedlem Anne Tone S. Andersen deltok på informasjonsmøte for nye kontrollutval i Aksdal 12.11.15. Nils Terje Oma og Anne Tone S. Andersen deltok på konferansen til Forum for kontroll i Rogaland som var 10. desember i Sandnes.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER**

---

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama kommunen sin årsrekneskap for 2014 i møte den 06.05.15 og gav sin uttale til årsrekneskapen. Utvalet gav slik uttale:

*Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2014 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 0 kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 4,7 millionar kr, og at delar av dette er nytta til avsettingar.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2014 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.14.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2014.*

Årsmelding frå skatteoppkrevaren og skatterekneskapen for 2014 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

## **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og endeleg vedtak blei gjort av kommunestyret i oktober 2012.

Utvalet har handsama to forvaltningsrevisjonsrapport i 2015. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse som vil danne grunnlag for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019.

Rapport om «Sakshandsaming i Teknisk sektor » var utarbeida av KPMG AS og blei handsama i møtet 25.02.15.

Revisjonen kom med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- *Standard for felles sakshandsaming samt rutinebeskrivingar bør ferdigstillast og samlast i kvalitetssystemet Risk. Det same gjeld felles normer. Dette vil betre tilgjengeligheten og bidra til at saker vert handsama likt. Vidare bør ein sørge for at arbeidet blir kjent blant dei tilsette.*
- *Prosjekt "A til Å" med tilhøyrande rutine bør ferdigstillast, der ein særleg vurderer tiltak for å sikre samsvar mellom vedtak og plan, kor fleire einingar er involvert.*
- *Alle relevante saksdokument bør bli lagra på éin stad – fortrinnsvis websak.*

Rapport om «Barnevernet» var også utarbeida av KPMG AS og blei handsama i møtet 09.09.15.

Revisjonen kom med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

*Det har vore eit føremål å foreslå forbetringstiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekka forbetringspotensiale. Basert på våre funn og vurderingar tilrår vi fylgjande:*

- *Tilsette ein fagressurs for rettleiing og intern kvalitetssikring*

- *Fagressursen kan med fordel ha eit særleg fokus på å bygge opp og sikre kompetansen ytterlegare i barnevernseininga*
- *Sørge for at alle tilsette blir gjort kjent med – og følgjer - rutine, og få på plass eit system som gjer at desse blir gjennomgått med nyttilsette, vikarar og tilsette som kjem tilbake frå permisjon.*
- *Ha eit særleg fokus på å ta tak i saker som har gått over lovpålagt sakshandsamingstid – og jobbe målretta mot å få ned sakshandsamingstida*
- *Bruke risikoanalysen aktivt i arbeidet med å betre tenestene og setje i verk tiltak der det er naudsynt.*
- *Oppmode alle tilsette om å bruke avvikssystemet for å kontinuerlig kunne identifisere nye, moglege risikoar.*
- *Evaluerer det interkommunale samarbeidet og den nye organiseringa etter ei tid, for å sjå om det fungerer etter hensikta.*

### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteken av kommunestyret i 2012.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirmaet Deloitte AS som gjennomførte prosjektet, og rapport var klar i mars 2015.

Deloitte hadde då sett etter om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekket nokre få forbedringspunkt, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane.

### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland, med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen. Det har vore ein eller fleire revisorar tilstades på alle møta i utvalet.

Kontrollutvalet har i 2015 gjennomført ny anbuds konkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Anbudsgrunnlaget blei lagd fram utvalet i april og anbudsfrist blei sett til 11.08.15.

Det blei levert inn to anbod, frå Deloitte og KPMG. Sak om val av revisor ble lagd fram for utvalet i september. Kommunestyret valte å følgje kontrollutvalet si innstilling å velje Deloitte AS som kommunen sin revisor i møte 16.11.15, sak 94/15 for dei neste fire år. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år. Det vert med dette inga skifte av revisor for kommunen.

Kontrollutvalet har handsama revisor si egenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker. Utvalet har mellom anna blitt orientert om skatterekneskap, budsjettframlegg, KOSTRA-tall og kommunebarometeret i løpet av året.

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2015:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2014	BUDSJETT 2015 (utvalet)	REKNESKAP 2015
Godtgjersle og driftsutgifter	60 568	94 000	53 753
Revisjonstenester	384 105	420 000	495 216
Sekretariatstenester	164 000	170 000	170 000
Sum utgifter	<b>608 673</b>	<b>684 000</b>	<b>718 969</b>

Utgiftene til revisjonstenester er noko høgare i 2015 enn budsjettet. Noko av dette skyldast at det blei ferdigstilt to forvaltningsrevisjonsrapportar i 2015. Den eine var bestilt og skulle vore ferdigstilt og fakturert i 2014. Selskapskontrollen av Haugaland Kraft AS blei også fakturert i 2015.

Kontrollutvalet handsama hausten 2015 framlegg til totalbudsjett for tilsyn og kontroll for 2016. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 708 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

#### 4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2015 gjennomført brukarundersøking og markert 10 års jubileum på representantskapsmøtet i april. Det blei her framheva at sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar, men som forbetring kan dei bli betre kjent, som ledd i å styrke kommunane sitt kontroll- og tilsynsansvar.

Fast utvalssekretær har vore rådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Vindafjord kommune var Per Fatland vald til representantskapet i IKS'et, med Arnfinn Øverland som varamedlem. Fatland var til stades på representantskapsmøtet 27.04.15.

For perioden 2015-2019 er Øyvind Haraldseid blitt vald som ny representantskapsmedlem Arnfinn Øverland som varamedlem.

---

## 5. OPPSUMMERING


---

Aktiviteten i 2015 har vore som planlagt. Det har vore lagt fram tre rapportar, to innan forvaltningsrevisjon og ein innan selskapskontroll. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse. Denne analysen vil danne grunnlaget for ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019. I sekretariatet har det vore eit arbeidskrevjande år pga. anbod for ni kommunar og skifte av kontrollutval i haust. Administrasjonen og ordførar har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

\*\*\*

Ølen, 24. februar 2016

  
Johannes Vestbø

  
Nils Terje Oma  
Leiar

  
Kristian H. Rasset

  
Marit Aga Hustvedt

  
Gunn Haraldseid

## VEDLEGG

---

### OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/15 Godkjenning av protokoll frå møte 12.11.14
- 02/15 Referat- og orienteringssaker
- 03/15 Årsmelding for kontrollutvalet 2014
- 04/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Sakshandsaming i Teknisk sektor»
- 05/15 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Barnevern»
  
- 06/15 Godkjenning av protokoll frå møte 25.02.15
- 07/15 Referat- og orienteringssaker
- 08/15 Vindafjord kommune - uttale til rekneskapsen for 2014
- 09/15 Rapport – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark
- 10/15 Konkurransesgrunnlag - anbod på kjøp av revisjonstenester 2016-2020
  
- 11/15 Godkjenning av protokoll frå møte 06.05.15
- 12/15 Referat- og orienteringssaker 09.09.15
- 13/15 Revisor si egenerklæring for 2015
- 14/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Barnevernet»
- 15/15 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2016 – utvalet sitt framlegg
- 16/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2011-2015
- 17/15 Val av revisor for perioden 2016-2020
  
- 18/15 Kontrollutvalets ansvar og oppgåver
- 19/15 Godkjenning av protokoll frå møte 09.09.15
- 20/15 Referat- og orienteringssaker 02.12.15
- 21/15 Statusoversikt over utvalet sine prosjekter
- 22/15 Orientering om framlegget til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019
- 23/15 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2015
- 24/15 Utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016- 2020 – bestilling av overordna analyse og planer
- 25/15 Framlegg til møteplan for 2016



## Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2015
2. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes – munnleg orientering
3. Rapport frå NKRF-konferansen 4. - 5. februar, munnleg v/sekretær
4. Oversikt over statlege tilsyn i 2015 – frå Fylkesmannen i Rogaland
5. Årsrapport for 2014 – frå Skatteoppkrevaren i Vindafjord kommune
6. Skatterekneskapen for 2014
7. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
8. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte
  
9. Statusrapport pr. mai 2015
10. K-styrevedtak 14.04.15, sak 18/15 – rapport om «Teknisk sektor»
11. Kontrollrapport 2014 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
12. Brev til NN – etter vedtak i kontrollutvalet 25.02.15
13. Protokoll frå rep. møte 22.04.15 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
14. Representantskapsmøte 11.06.15, på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
15. Representantskapsmøte 27.04.15– Haugaland Kontrollutvalgssekr. IKS
16. Representantskapsmøte 20.05.15, kl. 15.00 – HIM IKS
17. Representantskapsmøte 18.05.15, på Stord – Krisesenter Vest IKS
18. Generalforsamling 01.06.15 – Haugaland Kraft AS
19. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
20. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgåvemelding
  
21. Statusrapport pr. september 2015
22. K-styrevedtak 26.05.15, sak 31/15 – rapport selskapskontroll Haugaland Kraft AS
23. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
24. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere ...
25. Datatilsynet – Gebyr for avvik hos kommuner
26. Bernt svarer – Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
27. NKRF overtar sekretariatet for FKT
  
28. K-styrevedtak 21.10.15, sak 84/15 - Val av kontrollutval 2015-2019
29. K-styrevedtak 20.10.15, sak 69/15 – Rapport om barnevernet
30. K-styrevedtak 16.11.15, sak 94/15 – Val av revisor for perioden 2016-2020
31. Teiepliktserklæring for kontrollutvalet
32. Reglement for Vindafjord kontrollutval – eige hefte
33. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
34. Evaluering - frå kontrollutvalet 2011-2015
35. Tilbakemelding frå informasjonsmøte i Aksdal 12.11.15
36. Invitasjon til haustkonferansen i Sandnes 10.12.15
37. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalskonferanse 3. – 4. februar 2016
38. Invitasjon frå KPMG AS– Kurs for nye kontrollutval
39. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM IKS
40. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS